

GENERELLE VILKÅR FOR TURDELTAING

Deltakaren sitt ansvar

Deltakarane pliktar å lese programmet grundig og vurdere om ho/han er fysisk/psykisk i stand til å delta på arrangementet, utan belastningar for seg sjølv eller andre. Om ein deltakar er klar over at helsetilstanden ikkje er god, er ho/han forpliktar til å konsultere lækjar. Deltakarane må ha med seg klede/utstyr som eignar seg for turen. Deltakarane pliktar seg til å rette seg etter turleiaren sine rettleiingar. Dersom deltakaren ikkje tilfredsstiller dei fysiske/psykiske krav som vert stilt, eller møter fram med mangelfullt utstyr, kan ho/han nektast å delta eller utelukka frå resten av turen.

Forsikring

Deltaking skjer på eige ansvar. DNT sine medlemsforeiningar tar ikkje på seg ansvar for økonomiske følgjer av moglege uhell/skadar som måtte inntreffe under arrangementa. Unntak er ansvar på grunn av aktløyse hjå DNT sine medlemsforeiningar og DNT sine turleiarar, slik dette påkviler etter gjeldande lovgjeving. Vi tilrår deltakarane å teikne reise/ulykkesforsikring. Medlemmer av Norsk Folketrygd med bustadadresse i Norge bør ha ei kombinert reise-/ulykkesforsikring. Dei fleste heilårs reiseforsikringar inneheld også ein avbestillingsforsikring. Deltakarane må snarast mogleg gi beskjed til arrangør om sjukdom eller andre uforutsette ting som gjer at ein vert hindra å ta del.

Avbrot frå deltakar

Om en deltakar må avbryte eit arrangement, er DNT sine medlemsforeiningar ikkje ansvarleg for ekstra kostnader som følgje av avbrotet. I slike høve viser ein til deltakar si private reiseforsikring.

Avlysing av arrangement

DNT-arrangøren kan avlyse turen på grunn av force majeure, vanskelege tur- og føreforhold, for få påmeldingar, mangel på turleiar eller liknande. Ved avlysing skal arrangøren av turen, om mogleg, underrette deltakarane så snart som mogleg. Deltakarane er ikkje økonomisk ansvarleg ved avlysing.

Endring av arrangement DNT-arrangøren skal om mogleg, gjennomføre arrangementet i i samhøve med programmet. Det vert tatt atterhald om at programmet kan måtte endrast på grunn av endringar i rutetider, endra opningstider for overnattingsstader eller særlege tilhøve som gjer det vanskeleg å gjennomføre turen som planlagt. Om mogleg skal arrangøren melde frå om eventuelle vesentlege endringar før avreise. Slike endringar gir deltakaren rett til å trekkje seg frå arrangementet. I tilfelle endringar må gjerast i løpet av arrangementet, skal turleiaren / arrangøren underrette deltakarane så snart som mogleg.

Bilete

På turar i regi av DNT sine medlemsforeiningar kan det verta tatt bilete av deltakarane i løpet av turen. Desse bileta kan verta nytta i DNT sine og medlemsforeiningane sine publikasjonar og eigne internettsider. Om du ikkje ynskjer å verte fotografert, ver venleg gi melding til turleiar.

Klager

Turleiar skal straks underrettast om eventuelle klager. Skriftleg utgreiing og eventuelle krav om erstatning skal sendast DNT-arrangør snarast mogleg og seinast ein månad etter at arrangementet er avslutta.